

MØTEPROTOKOLL STRAND KYRKJELEGE FELLESTRÅD
24.01.2022 kl. 18.-19.50 i Tau kyrkje

Til stades: Martin Ivar Arnesen (leiar), Eli Nesvåg, Eirik Stople, Inger Lise Alfarnes, Tor Jan Aarstad, Kristoffer Amdal.

Andre: Liv Åse Gaard (fung. kyrkjeverje), Bodil Sane Turøy (verneombod)

01-22 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

02-22 REKNESKAP 2021 - FØREBELS

Vedtak:

Strand kyrkjeleg fellestråd tar rekneskapsrapporten til orientering.

03-22 REKNESKAP SOKNERÅDA 2021

Vedtak:

Strand kyrkjeleg fellestråd tar rekneskapa til orientering, og ber Jørpeland sokneråd og Strand sokneråd om å ha ein solid finansieringsplan ved ev endringar i stillingar tilsett på givarteneste.

04-22 BUDSJETT 2022, ØKONOMIPLAN 2022-2025

Vedtak:

Strand kyrkjeleg fellestråd vedtar driftsbudsjett for 2022 og økonomiplan for 2022-2025 slik desse ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja.

05-22 HMS-RAPPORTERING

Endeleg rapport frå Arbeidsdirektoratet er mottatt. Arbeid med å lukke avvik er allereie godt i gang med bistand frå faginstansar innan Den norske kyrkja og bedriftshelsetenesta Avonova.

Vedtak:

Strand kyrkjeleg fellestråd tar HMS-rapporteringa til orientering.

06-22 STATUS TAU KYRKJE

Vedtak:

- Strand kyrkjelege fellestråd tar statusrapporten til orientering.
- Strand kyrkjelege fellestråd søker om utviding av lån i OVF som dekkjer byggelånet - med kommunal kausjonsgaranti på heile lånebeløpet –1. prioritet.
- Strand kyrkjelege fellestråd ber kommunen om lån for å innfri byggelånet i SR-bank – 2.prioritet.

07- 22 EVENTUELT OG ORIENTERINGAR


- Frå årsstatistikk for 2021:

Nær 5000 personar deltok på ulike kulturarrangement og konsertar i Tau kyrkje i perioden 10.09.-31.12.21 (dvs. utanom gudsteneter og anna fast arbeid).

- Nytt om personalsituasjon og rekruttering ledige stillingar:

a. 3 søkerar til stillinga som kyrkjeverje. Ekstraordinært møte i Fellestrådet med tilsetning onsdag 16. februar kl. 18 i Jørpeland kyrkje

b. Menighetspedagog tilsett i deltidsstilling i 6 mndr.-engasjement innan barnarbeid i Jørpeland sokn i våren 2022.



DEN NORSKE KYRKJA
Strand kyrkjelege fellestråd

- *Møte med kommuneleiinga 17.01.22:*

Konstruktivt møte med ordførar, varaordførar, kommunedirektør og AU i Fellestrådet vedr. samarbeid kommune kyrkje.

- *Frå sokneråda:*

Strand – arbeid med ferdigstilling kjellar

Jørpeland – arbeid med strategiplan

- *Utviding av kyrkjegard Strand*

Vedtak:

På bakgrunn av prognose for gravbehov på Strand ber Strand kyrkjeleg fellestråd kommunen starte arbeidet med regulering av nye gravplassområde så snart som muleg.

Tau 25. januar

Martin Ivar Arnesen
leiar

Liv Åse Gaard
fung. kyrkjeverje